

Referat frå årsmøtet i Bergen ungdomslag Ervingen,

15. februar 2006, klokka 19.00 i Gimle.

Det møtte 52 personar med tale-, framlegg- og røysterett og 3 personar med tale- og framleggsrett.

Sak 1 Velkomen/opning

Vegard Opheim ynskte velkomen til årsmøtet.

Styret v/ Håvard Ims og Endre Kleiveland opna møtet med "Reinlendar etter Anon Egeland".

Vegard snakka om korleis organisasjonen er sett saman, og korleis den fungerer reint planmessig.

Det vart sagt minneord for Olav Bakke, Magne Solvang, Camilla Molland og Leiv Nedrelid, etterfølgd av eitt minutt stille.

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkallinga vart godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Vedtak: Saklista vart godkjend.

2.2.1. Utsendingar på årsmøtet.

Vedtak: Dei som ikkje har vore medlem i tre månader samt tilsette har framleggs- og talerett, men ikkje røysterett.

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: Steinar Kyrkjebø og Siv H. Erstad vart valde.

Vegard las helsing til årsmøtet, frå Aslaug K. Breivik.

Ordstyrarane overtok styring av ordet.

2.4 val av skrivarar

Vedtak: Ingvild K. Vevle og Gro Vetås vart valde.

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: Hans Nyeggen og Berit Lappegård vart valde.

2.6 val av teljekorps

Vedtak: Bjørn N. Hunderi og Endre O, Brunstad.

Ordstyrarane gjekk gjennom dagsorden.

Sak 3 Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen

Endre Kleiveland frå styret innleia i saka, og tok opp ulike utfordringar laget har stått overfor og arbeid som er gjort i skipingsåret.

Han bad årsmøtet om å ta inn eit ekstra punkt i årsmeldinga om loppemarknad og dugnad.

Desse hadde ordet i saka: Magnus Hatlebakk, Vegard Opheim, Steinar Kyrkjebø, Øystein Ask, Torgrim Ljones, Øystein Erstad, Bjørn N. Hunderi,

Framlegg om at styret får pålegg om å korrigera medlemstala. Under punkt 20, utsending, representasjon og samarbeid, skal det stå årsmøte i Lagsbruki titl BUL i Bergen, ikkje generalforsamling. - vedteke.

Framlegg om at protokollunderskrivarar les gjennom nytt punkt 9 (loppemarknad /dugnad) og les korrektur på årsmeldinga før trykking – vedteke.

Kommentar med ynske om meir aktivt målarbeid.

Framlegg frå Steinar Kyrkjebø om å ta med i årsmeldinga frå Ervingen as og Lagsbruki til BUL i Bergen LL, kven som sit i styra i dei ulike aksjeselskapa

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga med dei endringane som kom fram på møtet. Årsmøtet godkjenner årsmelding frå Selsvikfondet, Eigedomsfondet og Folklorefondet.

Årsmøtet tek melding frå Ervingen as, Lagsbruki til BUL i Bergen LL og Kyrkjenemndi til vitande.

Sak 4 Prosjektet medlemsrekruttering – synleggjering. Oppsummering

Vegard Opheim frå styret innleia i saka.

Lagsstyret vurderer arbeidet som er lagt til prosjektet som heilt vesentleg for drifta og utviklinga av laget, og ønskjer at arbeidsmåtane og oppgåvene skal gå inn som ein del av oppgåvene til den eine organisasjonssekretæren. Dette bør vera eit varig innsatsområde for laget og ikkje bli sett på som tidsavgrensa prosjekt. Likevel bør satsinga ha spesiell merksemd og oppfølging og i samråd med rådet meiner styret at ei eiga nemnd bør følgje opp innsatsen og prioritere oppgåver.

Desse hadde ordet i saka: Åslaug Trageton og Øystein Ask.

Vedtak: Årsmøtet tek oppsummeringa av prosjektet ”medlemsrekruttering – synleggjering” til orientering. Årsmøtet sluttar seg til at satsinga bør vidareførast som ein fast del av kontoret sitt organisasjonsarbeid.

Sak 5 Rekneskap for 2005

Eli Randmo frå styret la fram saka. Ho las til slutt revisjonsmeldinga med tilråding om godkjenning av rekneskapen.

a Lagsrekneskapen

Desse hadde ordet i saka: Henry Myrdal, Eldbjørg Gunnarson, Torgrim Ljones, Steinar Kyrkjebø, Vegard Opheim, Øystein Erstad, Eli Randmo, Frode Myhra, Annbjørg Kyrkjebø, Endre Brunstad, Øystein Ask, Bjørn N. Hunderi og Åslaug Trageton.

Framlegg frå Steinar Kyrkjebø om å flytta ned folklorefondet, eigedomsfondet og fond avsett, slik at desse fonda står under eigenkapital. - vedteke.

Vedtak: Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2005, underskottet på kr 40.319,- går til reduksjon av eiga. Balansen vert retta opp, slik at folklorefondet, eigedomsfondet og fond avsett står under eigenkapital.

b Rekneskap for Selsvikfondet, Egedomsfondet og Folklorefondet.

Eli Randmo frå styret la fram saka.

Desse hadde ordet i saka: Steinar Kyrkjebø, Eli Randmo, Bjørn N. Hunderi, Stig Vaular, Vegard Opheim, Åslaug Trageton, Øystein Erstad og Torgrim Ljones.

Framlegg om å endra rekkjefølgja i saklista til neste år / neste årsmøte: fyrst fonda, deretter hovudrekneskapen – teke til vitande.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2005 for Selsvikfondet, Egedomsfondet og Folklorefondet.

Årsmøtet song "Dei vil alltid klaga og kyta".
Kaffipause.

Sak 6. Endring av lova og styringsføresegner

Eli Randmo frå styret la fram saka.

a Endring av § 3 i lagslova

Desse hadde ordet i saka: Øystein Ask.

Vedtak:

§ 3 ÅRSMØTE

Årsmøtet er høgste styringsmakta i laget. Det skal haldast årsmøte i laget kvart år, til vanleg innan 1. mars. Styret kallar inn til årsmøte og kunngjer saklista seinast 14 dagar før møtet.

Årsmøtet skal vedta lagslov, godkjenna styringsføresegner, fastsetja lagspengane, ta stode til årsmelding, ettersett rekneskap, budsjett, arbeidsplan og andre saker som styret legg fram.

Årsmøtet skal velja styre, råd og gjera andre val i samsvar med styringsføresegnene

Omfram årsmøte skal haldast når årsmøtet, styret eller rådet i laget eller 1/3 av medlemene krev det. Styret kallar inn til omfram årsmøte seinast 7 dagar føreåt ved rundskriv til medlemene.

b Nedleggjing av Folklorefondet

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones.

Vedtak: Folklorefondet vert oppløyst og midlane vert tilført Selsvikfondet som bunden kapital.

c Endring av styringsføresegner

Desse hadde ordet i saka: Øystein Erstad, Øystein Ask, Eldbjørg Gunnarson, Frode Myhra, Bjørn N. Hunderi, Steinar Kyrkjebø, Eli Randmo, Hans Nyeggen, Henry Myrdal, Endre Brunstad, Brit Sørland, Vegard Opheim og Håvard Ims.

§ 3 Årsmøtet

Vedtak:

- ... **representantar** til rådet i Bygdelagsnemndi og kyrkjenemndi...
- ... Årsmøtet vel også utsendingar til årsmøta i Noregs Mållag, **Hordaland Mållag**, Noregs Ungdomslag og **Hordaland Ungdomslag**.

§ 5 Rådet

Framlegg frå Øystein Erstad om ikkje å stryka siste setning i paragraf 5 om kunngjeringsplikt.

blanke: 2

stryka: 22

behalda: 19

Vedtak: Siste setning i §5, Vedtak i rådet skal kunngjerast i laget, vert stroke.

Vedtak: (Vedteke mot ei røyst.)

§ 5 Rådet

...

Rådet sine oppgåver er å:

- ha tilsyn med lagsstyret, dagleg leiar, fonds- og eigedomsstyret og eigarinteressene i lagsbruka
- gje tilråding om årsmelding, årsrekneskap og budsjett frå lagsstyret og fonds- og eigedomsstyret
- gje tilråding om endringar i lover og styringsføresegner
- godkjenna tilsetjingar og tenesteføresegner
- **kunna gje tilråding i viktige saker som skal fram for årsmøtet**
- **kunna gjera vedtak i andre saker når lagsstyret eller fonds- og eigedomsstyret ikkje er vedtaksføre**

§ 6 Særslag og nemnder

Vedtak:

- * *Songkoret "Kor e' tonen"* skal vera eit tilbod for korinteresserte i Bergen. Koret har som mål å søka utvikling og å syna breidde musikalsk
- Styret skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer, og konstituerer seg sjølv. Dirigenten skal ikkje vera med i styret, men bør møta på**

styremøta.

* *Hyttene* står for organisering av det praktiske arbeidet med hytta og organiserer dugnadsarbeidet. Nemnda har 3 medlemmer og er underlagt fonds- og eideomsstyret.

§ 7 Fonds- og eideomsstyret

Framlegg frå Kårmund Myklebost om at kva fond det er snakk om må presiserast i teksten: Selsvikfondet i staden for fondet.

Framlegg frå Håvard Ims om at det må også gjerast når det gjeld Eideomsfondet.

Framlegget frå styret: *"Leiar, medlemmer og varamedlemmer i fonds- og eideomsstyret kan ikkje samstundes vera medlem/varamedlem i lagsstyret, rådet eller i styra for lagsbruka. Dei kan heller ikkje vera tilsett i laget eller lagsbruka."* Styret trakk dette framlegget, for å arbeida betre med det, og evt leggja det fram neste år.

Vedtak:

Laget har desse fonda:

• **Selsvikfondet** er skipa i 1988 etter årsmøtevedtak i **Bondeungdomslaget i Bergen**. **Folklorefondet**, som vart skipa i 1990 av **Bondeungdomslaget Ervingen**, er lagt inn i dette fondet etter årsmøtevedtak i 2006. **Selsvikfondet** har egne vedtekter. *Eideomsfondet* er skipa i 1990 etter årsmøtevedtak i **Bondeungdomslaget Ervingen**. **Eideomsfondet** har egne vedtekter.

d Endring av vedtekter for Selsvikfondet

Vedtak:

VEDTEKTER FOR SELSVIKFONDET.

Vedteke på årsmøte i **Bondeungdomslaget i Bergen** 17.02.1988, endra på årsmøte 02.03.1994, 16.02.2000 og årsmøtet i **Bergen ungdomslag Ervingen** 15. februar 2006.

1. OM GRUNNLAGET

Selsvikfondet er skipa av **Bondeungdomslaget i Bergen** ...

4. OM STYRINGSSKIPNADEN

Årsmøtet i **Bergen ungdomslag Ervingen** ...

... vel styre for fondet, og **godkjenner** årsmelding og rekneskap ...

... Ettersynsfolka i **Bergen ungdomslag Ervingen** skal revidera rekneskapa for fondet.

5. OM FONDSSTYRET

Fonds- og egedomsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen er styre for Selsvikfondet. Fondsstyret legg årsmelding og ettersett årsrekneskap fram for rådet.

6. OM FORVALTNINGA

... . Annan plassering av bunden fondsmiddel skal godkjennast av **rådet i Bergen ungdomslag Ervingen.**

... Er det usemje i fondsstyret om eit slikt vedtak, kan medlemmer i fondsstyret krevja saka lagt fram for **rådet i Bergen ungdomslag Ervingen** som i så fall gjer endeleg vedtak.

8. OM VEDTEKTENE

Desse vedtektene kan endrast av årsmøtet i **Bergen ungdomslag Ervingen** med 2/3 fleirtal etter at fondsstyret og rådet har gjeve tilråding eller uttale.

Lov og styringsføresegner for **Bergen ungdomslag Ervingen** avgjer fristar og saksgang for vedtektsendring.

e Endring av lov for Egedomsfondet

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones,

Vedtak:

LOV FOR EIGEDOMSFONDET TIL BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

Vedteken av årsmøtet i Bondeungdomslaget Ervingen 1990, med endringar 11. februar 1998, **16. februar 2005** og av årsmøtet i **Bergen ungdomslag Ervingen 15. februar 2006.**

§ 3 Fondsstyre

Fonds- og egedomsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen er styre for Egedomsfondet.

§ 4 Forvaltning

... årsmelding og rekneskap til rådet i **Bergen ungdomslag Ervingen.**

§ 5 Oppløysing

Sluttar **Bergen ungdomslag Ervingen**, ventar ein at Hordaland Ungdomslag nemner opp styre og fører tilsyn med fondet , jamfør **§ 7** i lagslova.

§ 6 Brigde

Årsmøtet i **Bergen ungdomslag Ervingen** ...

Saman med denne lova gjeld lagslova for **Bergen ungdomslag Ervingen**.

Sak 7 Innspel til arbeidsprogrammet 2005 - 2006

Håvard Ims frå styret la fram saka.

Desse hadde ordet i saka: Bjørn N. Hunderi, Endre Kleiveland, Steinar Kyrkjebø, Eli Randmo, Åslaug Trageton, Torgrim Ljones, Frode Myhra, Hans Nyeggen, Øystein Erstad og Stig Vaular.

Øystein Erstad: Bad Bjørn om å trekkja forslaget sitt om å slå saman fonda.

Bjørn N. Hunderi hadde framlegg til 3 tillegg på punkt 1, organisasjonen, men ingen av forslaga vart vedtekne.

Vedtak: Årsmøtet legg til følgjande punkt i arbeidsprogrammet for 2005-2006:

Tillegg til 1. Organisasjon:

Styrka og vidareutvikle organisasjonen ved å: (...)

- arbeide med å samla all aktivitet i eitt hus
- arbeida for å auka inntektene, td med dugnad på eigne hus og auka leigeinntekter på hytta
- få ei samla forvaltning av fonda og vurdere samanslåing
- skipe til fellestur for heile laget til folkekulturfestivalen i Trondheim sommaren 2006

Tillegg til 2. Aktivitetar:

Styrka arbeidet for dialektar og nynorsk ved å: (...)

- markera 100 årsjubileet for Noregs Mållag i samarbeid med Bergen mållag og Hordaland mållag (Mot ei røyst.)

Sak 8 Budsjett 2006

Vegard Opheim, lagsleiar, la fram saka på vegne av styret.

Desse hadde ordet i saka: Åslaug Trageton, Endre Kleiveland, Øystein Erstad, Torgrim Ljones, Kårmund Myklebost, Øystein Ask, Stig Indrebø, Ingvild Kleiveland Vevle, Vigleik Solvang, Håvard Ims og Eldbjørg Gunnarson.

Framlegg frå Åslaug Tragton om å stryka aktivitetsavgifta. (- kr. 20.000,-) – ikkje vedteke.

Framlegg frå Hans Nyeggen om framhald i årsmøtet – vedteke

Val av utsendingar til årsmøta i Hordaland Mållag, helga 18.-19. februar 2006, Bergen (me kan ha 4 utsendingar, styret har meldt på 2 personar)

Vedtak:

1. Endre Brunstad
2. Kjell Gudmund Søholt
3. Torgrim Ljones
4. Eldbjørg Gunnarson
5. Steinar Kyrkjebø

Framhald søndag 19. februar kl. 19.30

Det møtte 31 personar med tale-, framlegg- og røysterrett og 3 personar med tale- og framleggsrett.

Sak 8 Budsjett:

Desse hadde ordet i saka: Øystein Ask, Torgrim Ljones, Åslaug Trageton, Bjørn Nesse Hunderi, Håvard Ims, Eli Randmo, Endre Brunstad, Vegard Opheim, Stig Indrebø, Ingvild K. Vevle, Eldbjørg Gunnarson og Endre Kleiveland.

Framlegg frå Åslaug Trageton: Aktivitetsavgifta må fakturerast saman med årspengar.

Vedtak: Aktivitetsavgift kan innførast. (mot to røyster).

Framlegg frå Bjørn N. Hunderi:

Auka inntektssida med 20000 til 40000 pga aktivitetsavgift også i vårhalvåret.

For 19

Mot 3

Blanke 8

Vedtak: Auka inntektssida med 20000 til 40000 pga. aktivitetsavgift også i vårhalvåret.

Framlegg frå Åslaug Trageton: Reduser posten loddosal til kr. 20.000,- (ikkje vedteke)

For 3

Mot 22

Blanke 6

Framlegg frå Bjørn N. Hunderi: Auka post lønsutgifter til 471.000,- (ikkje vedteke)

For 2

Mot 19

Blanke 9

Framlegg frå Bjørn N. Hunderi: Auka kontorutg. til 50000, - (Ikkje vedteke, mot ei røyst.)

Framlegg frå Bjørn N. Hunderi: Med omsyn til at NM i år fyller 100 år, aukast posten årsmøteutsendingar til 15000 kr slik at laget kan ha tre årsmøteutsendingar til NM.

Vedtak: Årsmøteutsendingar aukast til 15000 kr.

Saksopplysing frå Endre Brunstad om at det kostar kr. 2500,- per pers for å ta del på årsmøtet i Noregs Mållag.

Framlegg frå Eldbjørg Gunnarson: Årsmøtet bed lagsstyret setja ned to nemnder, ei som ser på strategi for nye aktivitetar med inntekts- og kostnadsvurdering, og ei som ser på noverande drift av lag og administrasjon primært for å kutta kostnader og / eller frigjera kapasitet. (Vedteke mot to røyster.)

Vedtak: Årsmøtet vedtek det framlagde forslaget til budsjett for 2006 og legg følgjande til grunn:

- Laget innfører ei aktivitetsavgift for 2006. Avgifta er på kr 100,- pr. halvår.
- Arbeidsoppgåvene som har vore lagt til prosjektet "synleggjering og medlemsrekruttering" vert vidareført og lagt til ei utvida organisasjonssekretærstilling. Arbeidet blir følgd opp av ei eiga nemnd under lagsstyret.
- Av overføringa frå Selsvikfondet er kr 41 630 løyvt av fondsstyret av frie fondsmiddel for 2005. Midlane skal gå til drift og dekking av utgifter til logo og formgjeving. Kr 15 000 skal gå til dekking av utgifter til instruktørutdanning i folkedans og må søkast Selsvikfondet serskilt.
- Overføring frå Eignedomsfondet på kr. 60 300,- skal gå til drift av laget.
- Eventuelt overskot på lagsdrifta for 2006 skal tilførast Eignedomsfondet.
- Årsmøtet bed lagsstyret setja ned to nemnder, ei som ser på strategi for nye aktivitetar med inntekts- og kostnadsvurdering, og ei som ser på noverande drift av lag og administrasjon primært for å kutta kostnader og / eller frigjera kapasitet.

Sak 9 Medlemspengar 2007

Borghild M. Opdahl frå styret la fram saka.

Desse hadde ordet i saka: Steinar Kyrkjebø, Åslaug Trageton, Håvard Ims, Knut Malkenes, Annbjørg Kyrkjebø, Vegard Opheim, Endre Kleiveland, Brit K. Sørland, Øystein Erstad og Henry Myrdal.

Framlegg frå Steinar Kyrkjebø: Stryk studentpris, ungdomsprisen gjeld 14 –26 år.

For: 22

Mot: 9

Blanke: 0

Framlegg frå Åslaug Trageton: kr. 400,- pr. barn. Styret trekte sitt framlegg.

Vedtak: Medlemspengar 2007:

Vaksne	kr 700,- (mot ei røyst).
Ungdom (14-26 år)	kr 500,-
Barn	kr 400,-

Sak 10 Val

Bjørn N. Hunderi frå valnemnda la fram framlegget frå valnemnda, og fortalde om arbeidet i valnemnda.

Desse hadde ordet i saka: Steinar Kyrkjebø, Vegard Opheim, Eldbjørg Gunnarson, Norvald Erstad og Vegard Opheim.

Oppmoding frå Norvald Erstad om å vurdera kyrkjenemnda si eksistens / rolla.

Vedtak:

Lagsstyret

leiar

4 styremedlemar

attval 1 år

ny 2 år

ny 2 år

ikkje på val

ikkje på val

3 varamedlemar

ny 1 år

ny 1 år

ny 1 år

Vegard Opheim

Kari Færeveag

Håvard Ims

Endre Kleiveland

Gro Holter

Borghild Marie Opdahl

Endre Brunstad

Sigrid Ølmheim

Rådet

leiar

6 medlemar

attval 1 år

attval 2 år

attval 2 år

attval 2 år

ikkje på val

ikkje på val

ikkje på val

3 varamedlemar

attval 1 år

attval 1 år

Frode Myhra

Eldbjørg Gunnarson

Grete Oline Hole

Ole Ekornes

Stig Vaular

Astrid Sirnes

Stig Indrebø

Kårmund Myklebost

Oddrun Samdal

	attval 1 år	Olav Bruflot
Folkedanslaget leiar 4 medlemmar	ny 1 år ny 2 år attval 2 år attval 1 år utfyllingsval 1 år	Ingvild K. Mehl Gunn Inger Sture Øyvind Vatshelle Rigmor Nesheim Vaular Kristin Straalberg Mills
Ungdomsgruppa 3 medlemmar	attval 1 år attval 2 år ikkje på val	Sverre M. Sundvor Johanna Mjeldheim Borghild Marie Opdahl
Barnelaget leiar 2 medlemmar	attval 1 år attval 2 år ikkje på val	Ingeborg Nilsen Vigleik Solvang Berit Røgelstad
Bunadskontakt vara	ny 1 år ny 1 år	Solgunn Flaktveit Øystein Ask
"Kor é tonen" leiar 2 medlemmar vara	attval 1 år ny 2 år utfyllingsval 1 år ny 1 år ny 1 år	Gro Holter André Lungås Johansen Cily Samuelsen Tone Iren Løland Øyvind Vatshelle
"Gimlingane" leiar 2 medlemmar	attval 1 år ny 2 år ikkje på val	Gunn Wergeland Sigbjørn Oma Laila Årdal
Teaterlaget – Buleskit leiar 2 medlemmar	attval 1 år ny 2 år ikkje på val	Atle Falk Ida Kleppe Jørgen Bakken
Blad- og blestnemnd leiar 4 medlemmar	ny 1 år ny 2 år ny 2 år attval 1 år ikkje på val	Oddbjørn Haugen Tordis Marie Espeland Kjell Gudmund Søholt Øyvind Sivertsen Åge Avedal
Fond- og eigdomsstyret leiar 4 medlemmar	attval 1 år attval 2 år ny 2 år	Ragnar Nesdal Torgrim Ljones Bjørn N. Hunderi

	ikkje på val ikkje på val	Arne Rasmussen Judit Synnes
Hyttenemnd (ny i 2006) leiar 2 medlemmar	ny 1 år ny 1 år ny 2 år	Knut Malkenes Ingvild Hovland Martin Nessen
Kyrkjenemndi 1 representant vara	attval 1 år ny 1 år	Skjalg Halmøy Bente Moseng
Rådet i Bygdelagsnemndi 2 representantar vara	attval 1 år ny 1 år ny 1 år	Eldbjørg Gunnarson Kirsten Brekke Trygve Brekke
Ettersynsfolk 2 personar vara	ny 1 år ny 1 år attval 1 år	Jorun Moklev Halvor Røyset Åslaug Trageton
Valnemnd 5 medlemmar	ny 1 år ny 1 år ny 1 år ny 1 år ny 1 år	Hilde Hovland Erstad Hans Nyeggen Eli Randmo Ingunn Røstbø Stig Vaular

Hordaland Ungdomslag, laurdag 18. mars 2006, Voss (me kan ha 5 utsendingar)

1. Ingvild Mehl
2. Borghild M. Opdahl
3. Sverre Sundvor
4. Gunn Inger Sture
5. Atle Falk

Noregs Mållag, helga 28.-30. april 2006, Oslo (me kan ha 4 utsendingar)

1. Endre Brunstad
2. Oddbjørn Haugen
3. Eli Randmo
4. Ingvild Kleiveland Vevle
5. Bjørn Nesse Hunderi
6. Kjell Gudmund Søholt
7. Torgrim Ljones
8. Eldbjørg Gunnarson
9. Steinar Kyrkjebø

Noregs Ungdomslag, ons 5.- tors 6. juli 2006, Trondheim (me kan ha 4 utsendingar)

1. Vegard Opheim
2. Borghild M. Opdahl
3. Sverre Sundvor
4. Håvard Ims
5. Atle Falk

Utover dette har lagsstyret fullmakt til å spørre andre medlemar om å vera utsendingar frå laget.

Vegard takka ordstyrarane, skrivarar, teljekorps og protokollunderskrivarar. Han takka for tilliten, og heva møtet.

Hans Nyeggen
Protokollunderskrivar

Berit Helene Lappegård
Protokollunderskrivar